



Hægebostad kommune

## SERVICEERKLÆRING BARNEHAGANE



### Hægebostad barnehage

Enhetsleder: Synnave Flottorp  
Tlf. 480 79 219

E-post: [synnove.flottorp@haegebostad.kommune.no](mailto:synnove.flottorp@haegebostad.kommune.no)  
Heimeside:  
[Haegebostad.kommune.no](http://Haegebostad.kommune.no)

### Eiken barnehage

Enhetsleder: Irene Eiken Handeland  
Tlf. 454 25 922  
E-post:

[irene.handeland@haegebostad.kommune.no](mailto:irene.handeland@haegebostad.kommune.no)  
Heimeside:  
[Haegebostad.kommune.no](http://www.haegebostad.kommune.no)

### MÅLSETTING

Barnehagane skal vera ein arena for tryggleik, trivsel og omsorg.

Barnehagane skal vera eit pedagogisk tilbod for barn under opplæringspliktig alder.

### KVEN KAN SØKE?

Alle kan søke. Barn som fyller eit år seinast innan utgangen av november det året det søkes om barnehageplass, har rett til å få plass i barnehage frå august. Retten til barnehageplass gjeld berre dersom det søkes innan fristen for hovedopptaket, sjå under.

Når barnet først har fått plass i barnehagen, gjeld denne plassen fram til skulestart, så sant den ikkje blir sagt opp. Barnet må være minimum 4 dagar i barnehagen pr. veka.

### SØKNADSFRIST?

Søknadsfrist for hovedopptak for barnehagane i Hægebostad kommune er satt til **1. mars**.

Søknad om barnehageplass, endringar/auke av dagar, bytte av barnehage og oppsigelse av dagar/barnehageplass sendes elektronisk via Hægebostad kommune sin oppvekstportal, <https://haegebostad.ist-asp.com>

Denne sida er også å finne på Hægebostad kommune si heimeside, [https://www.haegebostad.kommune.no](http://www.haegebostad.kommune.no) under barnehage.

### OPNINGSTIDER

Barnehagane i Hægebostad kommune har opent måndag til fredag kl. 06.55 - 16.10.

Det er fleksibel ferieavvikling frå og med veke 26 til og med veke 31. Kvart barn må vere borte frå barnehagen minimum 4 veker samanhengande i denne perioden. Frist for å melde frå om dette er 1. april.

Barnehagane er stengd julaftan og nyttårsaftan, 5 planleggingsdagar, samt veke 28 og 29.

### BETALING

Barnehagane i Hægebostad kommune fylgjer maksimalpris for opphold i barnehage som blir fastsett av Stortinget kvart år.

Antall dagar i barnehagen	4 dagar	5 dagar
Månadspris pr. 01.08.24	Kr. 1300,-	Kr. 1500,-

Kostpengar kjem i tillegg med kr. 20,- pr. dag

Det blir gjeve 30 % søkenmoderasjon for barn nummer to og gratis ved 3.barnet.

Det blir fakturert forskot for kvar månad, med betalingsfri i juli.

Ingen husholdningar skal betale meir enn 6 prosent av inntekta si på ein barnehageplass. Inntekta skal bereknast etter skattepliktig kapital- og personinntekt. Det søkes om reduksjon i foreldrebetaling for eit år om gonga.

Alle 2, 3, 4- og 5-åringar, og barn med utsatt skulestart, som bur i husholdningar med ei samla personinntekt som er under ei inntektsgrense fastsatt av Stortinget, har rett til å få 20 timer gratis oppholdstid i barnehage per vike. Det søkes om gratis kjernetid for eit år om gonga.

Søknadsfrist: 15.06.

Søknadsskjema finn du elektronisk på kommunen sine heimesider, og heiter: «Søknadsskjema for reduksjon / gratis kjernetid - Barnehage»

Sist revidert:  
04.07.24

## Saman om ei positiv utvikling

### KVA KAN DU FORVENTE AV OSS?

- At barnehagen byggjer sin verksamhet ut i frå dei rammar som er gjeven i Barnehageloven og Rammeplanen for barnehagane
- Barnet blir tatt hyggelig imot av ein voksen når det kjem til barnehagen.
- Vi møter dykk med respekt

- Barnet leiker i trygge omgivelser inne og ute
- Barnet har medverknad gjennom kvardagsamtalar, leik og daglege aktivitetar.
- Vi gir eit variert tilbod med stimulerande opplevingar både ute og inne
- Barna får eit sunt og variert kosthald i henhold til nasjonale retningslinjer.
- Vi legg til rette for læring ut i frå barnets føresetnader
- I tilfelle der barnets utvikling og behov krevjar egne tiltak vil dette tas opp på førehand med foreldra før tiltak settes i gang.
- Ved eventuell tilvising til andre faginstansar vil barnehagen innhente samtykke frå foreldra på førehand.
- Barnehage legger til rette for et godt foreldresamarbeid
- Barnehagen gir tilbod om 2 foreldresamtaler i året
- De tilsette overheld teieplikta slik den er omtalt i Lov om barnehagar § 44
- Barnehagetilsette har opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernstenesta jamfør §§ 45 og 46 i Lov om barnehage
- Dei tilsette har godkjent politiattest
- Barna er forsikra under opphaldet i barnehagen (forsikringa dekker ikkje briller, klede og utstyr)

- Du respekterer barnehagens retningslinjer ved sjukdom
- Du gir medisinsk og annen viktig informasjon (skriftleg) som kan ha noko å seie for barnet i barnehagen
- Du merker klede og sørger for at barnet har hensiktsmessig påkledning etter årstida og sørger for nødvendig skift
- Du viser forståelse for at barnet er i ei gruppe i barnehagen og at det ikkje er mogeleg å ta individuelle omsyn i alle samanhengar
- Du les og følgjer barnehagens vedtekter og informasjon
- Du passer på at vi har riktig adresse og telefonopplysninger
- Du søker informasjon om barnet ditt og spør viss det er noko du lurer på
- Du gir tilbakemeldingar, både positivt og negativt
- Du overheld barnehagens opningstid
- Det er du som har ansvar for barnet ditt når du er tilstades f.eks. ved barnehagens arrangement
- At du/de les informasjon som kjem frå barnehagen pr. e-post
- At du/de les informasjon på IST-Home appen,

### KVA FORVENTAR VI AV DEG?

- Du tar kontakt med personalet ved levering og henting
- Du gir beskjed viss barnet skal hentes av andre
- Du gir beskjed viss barnet er sjuk eller tar fri